



Professir Magnar Kartveit i samtale med Elin Solheim frå Halsnøy, filolog og lærar på Stord vidaregåande skule.

I underkant av 40 tilhøyrarar frå heile Kvinnherad møtte fram i kyrkja i går kveld for å høyra professor i Det gamle Testamente Magnar Kartveit sitt Bibelføredrag. I to økter la han fram nyttig og interessann informasjon om Bibelen,- om korleis den vart til, nedskreven og om korleis vi les og forstår Guds ord ut frå vår og den tids framstilling. Bibelen er ikkje mytar i vår tyding som eventyr og segn, men mange forteljingar der teologien skal hjelpa oss med å føra Guds ord over i ei ny tid.

Kan Bibelen røma Gud ? Nei er svaret. Gud er mykje større enn universet, men Gud gjev seg til kjenne i Bibelen. Den engelske sitatet **Jesus loves me, this I know, for the Bible tells me so.** vert ofte brukt i den samanheng.

Førelæseren kom inn på nokre hendingar som er framstilt på ulike måtar i Bibelen. Det gjeld til dømes nøyaktig kva tid Jesus døydde. Var det dagen etter påskelammet vart slakta eller samtidig med det ? Tre av evangelistane skriv at det var dagen etter. I framstillinga til Johannes les vi at det var samtidig. Ulike framstillingar finn vi også om Jesu fødsel og barndom, og om Jesu oppstode. I Krønikebøkene i GT er Nordrike ikkje omtala. Jersusalem er sentrum. Tempelet er sentrum i verda. I andre kjelder les vi om to rike, eit Nordrike og eit Sørrike slik det var historisk. Ikkje noko av dette er mytar, men historiske dokument som ofte vil ha ulik framstilling. Ulikskap styrkjer den historiske verdien i kjeldene. Oppmodinga til Kartveit er å gripa kjernen i Bibelen og leva på det.

Det finst ingen originalmanuskript frå det som vart Bibelen, berre kopiar på kopiar og avskrift på avskrift. Det er tusenvis av manus både til GT og til NT. Utanom GT finn vi mange skapingstekstar, dei fleste tidfesta før Moses 1200 f. Kr. Berre i vår eige land har vi 17 omsetjingar av Bibelen frå originalspråket. Det siste og grundige arbeidet førte til at det vart ført til 2 vers. Det som skil kristendomen frå andre religionar, er monoteismen. Bibelen snakkar alltid om ein Gud, ikkje fleire gudar.

Drøftinga syntte stort engasjement og samtalen gjekk godt i gruppene etter føredraget. Salmene denne kvelden var henta frå kap. 2 i den nye salmeboka, Skaparen, vår Gud. Professoren avslutta slik han byrja med det egnelske sitaten som på norsk tyder: **Bibelen seier at Jesus elska meg. Det er til å stola på.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal